

- Kjem nokon for å bruka meg?

19.03.2008



Fjelly – einsam og forlatt ein fin dag i påskeveka. (Foto: Ragnvald Myklebust)

Hytta ved Mannsvatnet ligg så einsam og forlatt ein fin og solfylt dag i påskeveka.

- Håpar at nokon snart vil bruka meg, seier ho til oss då vi er bortom som snarast.
- Dei kan heller ikkje skriva seg inn i boka mi lenger, for ho er våt og forfrosen. Nokon må komma og ordna ny bok til meg.
Ellers får eg heller ikkje besøk av nokon som vil komma bortom for å skriva seg inn i ho.
Eg gler meg også til at nokon kjem og fyrer i omnen min. Håpar du snart kjem, for eg frys.
Seier Fjelly til oss.

Av Ragnvald Myklebust.